



NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 9.12 2025: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2024

Auke i jordbruksinntekt for bøndene i Agder og Rogaland

Jordbruksinntekta til bøndene på Jæren auka med 74 700 kroner per årsverk, og vart i gjennomsnitt 537 600 kroner per årsverk i 2024. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta med 74 300 kroner til 477 200 kroner per årsverk.

Etter kraftig nedgang i jordbruksinntekt i 2023, var jordbruksinntekta i 2024 nesten tilbake på nivået frå 2022. Auken i jordbruksinntekt på Jæren var på 16 prosent frå 2023 til 2024. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta med 18 prosent. Auke i marknadsinntekter og tilskot kombinert med moderat kostnadsvekst forklarar mykje av framgangen i begge regionane. Arbeidsinnsatsen auka i begge regionane.

Framgang for mjølkeprodusentar og sauebønder

Jordbruksinntekta til mjølkebønder på Jæren gjekk opp med 23 prosent. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på 513 700 kroner per årsverk. For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland andre bygder gjekk jordbruksinntekta opp med 16 prosent til 404 200 kroner per årsverk. Høgare mjølkepris, auka volum mjølk og auka tilskot forklarar mykje av auken i jordbruksinntekta.

Jordbruksinntekta til sauebønder i Agder og Rogaland andre bygder auka med 50 300 kroner per årsverk til 225 300 kroner per årsverk i 2024. Auke i tilskot og moderat kostnadsvekst forklarar mykje av den positive utviklinga for sauebøndene.

For bruk med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald auka jordbruksinntekta samanlikna med året før. På Jæren oppnådde bruka med denne driftsforma ei jordbruksinntekt på 406 300 kroner per årsverk, medan vederlaget var på 477 900 kroner per årsverk for bruka i Rogaland og Agder andre bygder. Auke i mjølkeinntekter og tilskot forklarar mykje av auken i vederlag per årsverk for denne driftsforma.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehold på Jæren hadde ein nedgang i jordbruksinntekta på 4 prosent frå 2023 til 2024, til 526 300 kroner per årsverk. Auken i husdyrinntekter og tilskot var noko mindre enn kostnadsauken, trass i auka mjølkeinntekter. Auka arbeidsforbruk reduserte årsverksinntekta.

Auka investeringsnivå blant bøndene i Agder og Rogaland

Nettoinvesteringa på Jæren var høg i 2024, med i snitt 754 200 kroner per bruk, ei tredobling samanlikna med 2023. For resten av Rogaland og Agder var nettoinvesteringa på 344 600 kroner per bruk, ei dobling per bruk samanlikna med 2023. I begge regionane vart det investert mykje i driftsbygningar. Samla gjeld auka med 6 prosent til 8,3 millionar kroner per bruk på Jæren. I resten av Rogaland og Agder auka gjelda med 10 prosent til 5,1 millionar kroner per bruk.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2024 var det med 932 bruk, der 157 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Grete Krossøy Helland
Førstekonsulent, divisjon Kart og statistikk
Telefon: 951 18 680
E-post: grete.helland@nibio.no

Torbjørn Haukås
Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk
Telefon: 476 58 552
E-post: torbjorn.haukas@nibio.no